



Frivillighetsregisternemnda

Vedtak i Frivillighetsregisternemnda 28. mai 2025

Sak 2025/445 - Nordhordland Rotary Klubb - org.nr. 999 640 931 - klage over vedtak om å nekte deltaking i grasrotandelen

Frivillighetsregisternemnda sine medlemmer: Leiar Martin Hennig, og medlemmane Vibeke Wøien Hansen, Renate Kristiansen, Simen Saxebøl og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

- (1) Nordhordland Rotary Klubb (klagar) meldte 23. desember 2024 inn endringsmelding til Frivillighetsregisteret med ønske om deltaking i grasrotandelen.
- (2) Frivillighetsregisteret fatta vedtak 14. januar 2025 om å nekte deltaking i grasrotandelen, med den grunngevinga at medlemskap i organisasjonen ifølge vedtektene verkar lukka.
- (3) Nordhordland Rotary Klubb klaga på vedtaket 30. januar 2025. Klagar gjer gjeldande at eininga er ein ideell og allmenntilgjengelig organisasjon som arbeider for å gagnе andre og bidra til fellesskapen i lokalsamfunnet. Det visast til artikkel 8 i vedtektene som seier at klubben har fem tenesteområde, mellom anna serviceprosjekt internasjonalt og serviceprosjekt nasjonalt. Klagar skrivar at «[b]egge desse klubbtenestene arbeider med prosjekt for allmenne samfunnsinteresser». Klubbdrifta vert finansiert via medlemskontingent, og alt indre liv i klubben vert gjort på dugnad, utan godtgjersle. Alle innsamla middel går uavkorta til lokale og internasjonale prosjekt i organisasjonen, med unntak av frådrag til konkrete utgifter til dømes ved større arrangement som opne tilskipingar og støttekonserter. Det vert òg lagt til rette for ein rekke aktivitetar som ifølge klagar har kome både lokalsamfunnet og enkeltmenneske til gode. Det visast elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Frivillighetsregisteret har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende over klagen med innstilling 5. mars 2025 til Frivillighetsregisternemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er forskrift 5. desember 2022 nr. 2124 om grasrotandel (forskrifta).
- (6) Formålet med grasrotandelen er å fremje frivillig aktivitet på lokalt eller regionalt nivå i Noreg, jf. forskrifta § 1.
- (7) Etter forskrifta § 3 første ledd kan en eining delta i grasrotandelen dersom eininga er registrert i Frivillighetsregisteret, og er ikkje-fortenestebasert og hovudsakleg basert på

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

frivillig innsats. I forskrifta § 3 tredje ledd bokstav b vert det gjort unntak for einingar som ikkje er allmennnyttige eller einingar der verksemda kjem ein lukka krins til gode.

- (8) Av forvaltningsloven § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Frivillighetsregisternemnda sin vurdering

- (9) Klagen til Nordhordland Rotary Klubb gjeld vedtaket til Frivillighetsregisteret 14. januar 2025 om å nekte deltaking i grasrotandelen.
- (10) For å kunne delta i grasrotandelen må organisasjonen vere allmennnyttig og verksemda kan ikkje kome ein lukka krins til gode, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav b. Kulturdepartementet har i merknader til kongeleg resolusjon PRE-2017-12-15-2136 punkt 2 uttalt at:

«Det skal legges til grunn en strengere tolkning av begrepet allmennnyttig i Grasrotandelen enn i dagens lovtekst om register for frivillig virksomhet. Dette er i tråd med intensjonen for ordningen, men tydeliggjøres i ny forskrift. En allmennnyttig organisasjon i denne ordningen skal forstås som organisasjoner som ivaretar allmenne samfunnsinteresser, og som er tilgjengelige for et bredt spekter av mennesker, og som ikke har en unaturlig begrensning i medlemskapet.

Enheter som kun ivaretar interessene til en lukket krets og/ eller som arbeider for å sikre egen økonomisk gevinst eller på annen måte arbeider for å dra personlige fordeler på vegne av medlemmene, regnes ikke som allmennnyttige. Organisasjoner som arbeider for å fremme medlemmenes interesser, men som også kommer andre til gode ved at de produserer tjenester og goder for andre, anses som allmennnyttige.»

- (11) Utsegna gjeld tidlegare forskrift 15. desember 2017 nr. 2136 om grasrotandel, men § 3 tredje ledd bokstav b er vidareført i gjeldande forskrift. Frivillighetsregisternemnda legg derfor til grunn at forskrifta § 3 tredje ledd bokstav b stiller krav om at organisasjonen ikkje kan ha unaturlege avgrensingar i medlemskapen. Ei slik tolking vert også underbygd av formålet med ordninga som er å fremje frivillig aktivitet, jf. forskrifta § 1 første ledd. Organisasjonar med unaturlege avgrensingar i medlemskapen fremjar ikkje frivillig aktivitet, ettersom dei ikkje er tilgjengelege for eit breitt spekter av menneske. Dette gjeld uavhengig av om eininga er ein ideell organisasjon med samfunnsnyttig verksemd. Nemnda har lagt til grunn ei slik forståing i fleire avgjerder, sjå mellom anna Frivillighetsregisternemnda sitt vedtak i sak 2024/1997.
- (12) I vurderinga av om ein organisasjon har unaturlege avgrensingar i medlemskapen, tek Frivillighetsregisternemnda utgangspunkt i vedtektene, ettersom det er vedtektene som set rammer og er styrande for organisasjonen si verksemd. Klagar må sjølv sørge for at vedtektene gir eit riktig bilete av korleis forholda er i praksis.
- (13) Det følgjer av vedtektene til klagar § 13 punkt 1 at:

«Forslag på et nytt medlem, fremsatt av et medlem av klubben via medlemskomité, skal oversendes styret skriftlig av komiteen uten forutgående behandling.

Et medlem som overføres fra en annen klubb eller et tidligere medlem av en annen klubb kan foreslås som aktivt medlem av vedkommendes tidligere klubb. [...]»

- (14) Det kjem fram av vedtektene § 13 punkt 2 at styret skal forvisse seg om at dei foreslåtte medlemmene oppfyller dei formelle krava til klassifisering og medlemskap, som går fram av lovene til Rotary. Deretter skal styret offentleggjere forslaget om nye medlemmer på eit medlemsmøte for medlemmene. Dersom styret mottar ei skriftleg, grunngitt innvending, skal styret votere og avgjere saka på sitt neste møte. Dersom styret ikkje mottar nokon grunngitt skriftleg innvending mot forslaget innan sju dagar etter offentleggjeringa av opplysningar om den foreslåtte medlemmen, skal styret innan 30 dagar godta forslaget. Det er først når den foreslåtte medlemmen har godteke eit eventuelt tilbod at medlemmen får ta del i aktivitetane til organisasjonen.
- (15) Frivillighetsregisternemnda legg til grunn at vedtektene inneheld avgrensingar i medlemskapen, ved at ein medlemskomité skal setja fram forslag om nye medlemmer på vegne av eksisterande medlemmer til styret. Styret skal deretter godkjenne forslaget om nye medlemmer, før eksisterande medlemmer kan kome med innvendingar til forslaget. Når det ikkje er fastsett objektive og naturlege kriterium for medlemskap i vedtektene, verkar ikkje dette som ei naturleg avgrensing av medlemskapen sett i lys av formåla og aktivitetane i foreininga.
- (16) Klagar er følgeleg omfatta av unntaket i forskrifta § 3 tredje ledd bokstav b, og har dermed ikkje rett til deltaking i grasrotandelen.

Konklusjon

- (17) Frivillighetsregisternemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Frivillighetsregisteret vedtak skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen vert ikkje tatt til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur